



**Høgskulen
på Vestlandet**

BACHELOROPPGÅVE

Housing First – vegen til permanent bustad?

Housing First – the path to permanent residence?

Bachelor i sosialt arbeid BSV5-300

Avdeling for samfunnsfag/

Institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie

26.05.17

8873 ord

KANDIDATNUMMER 107

Silje Renate Moene Slinde

Rettleiar: Lillian Bruland Selseng

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/ kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jfr. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskolen på Vestlandet, § 10.*

Abstract

This Bachelor assignment details the housing situation for people with substance abuse and / or mental disorders in Norway. The exercise is based on a literature study, the aim of which is to examine how the Housing First model could be a solution to enhance the work with people with substance abuse and / or mental disorders in Norway. The main findings from the Norwegian context is that successful housing of such individuals plays a key role for good health and participation in social settings. Furthermore, it's interesting to distinguish between structural and individual explanations why such individuals do not benefit from permanent housing, as the structural explanation refers to the huge shortage of suitable accommodation, however general stigma in society towards such groups is an influential factor that acts as a barrier to accessing housing on the private market.

Evaluation of the Housing First model does demonstrate positive results, such as the fact that the majority of individuals do obtain permanent housing and as such this acts as a cost saving for the State. The good results are derived partly due to the way the model stimulates the participants to have freedom of choice and focuses on a spread settlement, whereas the model must additionally be based on closer collaboration with the private housing market. It is essential in the Housing First model that the access to accommodation should not be earned, as is presently the case in the existing support system. Housing is a human right, and as such the focus is that successful housing must be in place before people are in any position to receive treatment. The model appears to have great potential in the Norwegian context and may contribute to the reduction of certain issues in the current housing and support services in Norway.

Innholdsliste

1.0 INNLEIING	4
1.1 PRESENTASJON AV TEMA OG PROBLEMSTILLING	4
1.2 PRESISERING OG SOSIALFAGLEG RELEVANS	6
1.3 OPPBYGGING AV OPPGÅVA	6
2.0 TIDLEGARE FORSKING	6
2.1 KVA ER BUSTADSOSIALT ARBEID?	6
2.2 STODA FOR BUSTADSITUASJON TIL VANSKELEGSTILTE I NØREG	7
2.2.1 <i>Bustaden- ei nøkkelrolle</i>	8
2.2.2 <i>BrukarPlan</i>	9
2.3 FORKLARINGAR PÅ BUSTADLØYSE	9
2.4 OPPSUMMERING	10
3.0 FRAMGANGSMÅTE	10
3.1 Å FINNE GOD LITTERATUR	11
3.2 KJELDEKRITIKK	11
3.3 MITT LITTERATURVAL.....	12
4.0 TEORI; KVA ER HOUSING FIRST?	13
4.1 TEORETISKE PRINSIPP	13
4.2 MODELLEN	15
5.0 DRØFTING	16
5.1 UTFORDRINGAR I DET BUSTADSOSIALE ARBEIDET	16
5.1.1 <i>Mangel på bustadar</i>	17
5.1.2 <i>Not in my backyard</i>	18
5.1.3 <i>Bustad eller ein heim?</i>	20
5.2 KAN HOUSING FIRST VERE MED Å REDUSERE DESSE UTFORDRINGANE?.....	21
5.3 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	23
7.0 AVSLUTNING	24
8.0 LITTERATURLISTE	26

1.0 Innleiing

Tema for denne oppgåva er bustadsosialt arbeid retta mot menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar. Bustaden viser seg å vere ei nøkkelrolle for integrering og deltaking i samfunnet for denne gruppa (Evjen, Øiern & Kielland, 2012, s. 161). For å stille dei i posisjon til hensiktsmessig behandling, bør bustaden vere på plass først. Tidlegare forskning viser at å ha eigen bustad gjev menneskjer føreseielegheit, tryggleik og er med å skape eit sosialt tilhøyr (Evjen, Øiern & Kielland, 2012, s. 161). Kunnskapen gjer synleg at bustaden er viktig, men samstundes viser det seg at arbeidet med å hjelpe dei vanskelegstilte i bustadmarknaden ikkje er tilstrekkeleg. Statistikk viser at det er omlag 6200 bustadlause i landet, der 54 prosent er rusavhengige, og 38 prosent er menneskjer med psykiske vanskar (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014-2020, s. 31 ff). Regjeringas anbefalte grense for midlertidig bustad er tre månader, men for gruppa med rus og/eller psykiske vanskar viser det seg at perioden ofte varar lenger (Evjen, Øiern & Kielland, 2012, s. 161).

Sosialarbeidaren har ei viktig rolle i det bustadsosiale arbeidet. I ulike arenaer som NAV, kommunalt psykisk helseteam, tverrfagleg spesialisert behandling eller polikliniske tilbod, vil arbeid med bustad kunne vere eit viktig arbeidsområde. Sosionomen jobbar for å finne løysningar som kan gje menneskje betre livskvalitet og reduserte sosiale problem (Levin, 2012, s. 10). Vidare er sosionomen eit bindeledd mellom enkeltmenneskjer og hjelpetilboda til samfunnet, og har såleis relevant og nyttig kompetanse for dette arbeidet (Levin, 2012, s. 15f).

1.1 Presentasjon av tema og problemstilling

Formålet med oppgåva er å undersøkje korleis bustadsosialt arbeid kan bli styrka ovanfor menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar. Dette vil eg gjere ved å sjå nærare på forskning rundt utfordringar som eksisterar omkring det å gje dei varig bustad. Eg vil sjå på modellen Housing First som ein alternativ løysning til å styrke det bustadsosiale arbeidet, da modellen vert framstilt som eit eksempel på ein tverrfagleg modell som bustadsosialt kan dra nytte av (Metodehandboka, s. 14). Modellen er nokså ny i Noreg, og vart for første gang brukt i 2013. Nokre av dei første kommunane ut var blant anna Bergen der 31 av 33 fekk bustad, og Sandnes der 15 av 17 deltakarar blei busett. Internasjonalt viser det at når modellen blir

gjennomført rett, kan det ventast at minst 80 prosent blir busette og vil halde på den bustaden (Metodehandboka, s. 10).

Denne kunnskapen er viktig i eit samfunn der rus kombinert med psykiske vanskar er eit auka samfunnsproblem (Helsedirektoratet, 2012, s. 13), der blant anna riksrevisjonen stadfestar at ”kunnskapen om de vanskelegstilte på boligmarkedet er lite tilfredsstillende” (Riksrevisjonen, 2008, s. 10). Oppgåva kan bidra med kunnskap om korleis jobbe med denne gruppa. For å gje dei tilgang til best mogeleg behandling, er bustad først ein viktig faktor for rehabiliteringa (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014-2020, s.24).

Eg har valt fylgjande problemstilling:

På kva måte kan Housing First vere ein modell for å styrke det bustadsosiale arbeidet ovanfor menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar i Noreg?

Med bustadsosialt arbeid, meiner eg det arbeidet som omhandle det å skaffe bustad til vanskelegstilte, samt det å styrke den enkeltes mogelegheit til å meistre eit bu-forhold. Bustadsosialt romme alt frå planlegging av busetting til oppfølging av dei som allereie bur i eigen bustad (NOU 2011:15, s. 35). Målgruppa for oppgåva er menneskjer som har omfattande rus og/eller psykiske vanskar. For mange med desse vanskane medføre det betydeleg funksjonsnedsetting, både for personen, dei pårørande og nettverket rundt. Fleire av desse fell mellom ulike behandlingstilbod og gruppa stille store krav til god samhandling i tenesteapparatet. Livssituasjonen ber store preg av sosiale problem, deriblant mangel på høveleg bustad som me vidare skal sjå nærmare på (Evjen, Øiern & Kielland, 2012, s. 25).

For å svare på problemstillinga vil oppgåva ta utgangspunkt i desse tre underspørsmåla:

1. Kva viser eksisterande forskning er utfordringar for personar med rus og/eller psykiske vanskar når det gjeld å bu?
2. Kva er Housing First?
3. Kva synest å vere mogelegheiter og utfordringar ved å bruke Housing First i arbeidet med å hjelpe menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar til å bu?

1.2 Presisering og sosialfagleg relevans

Oppgåva vil rette fokus mot brukaren med langvarig og omfattande vanskar med rus og/eller psykiske vanskar. Tidlegare forskning og artiklar viser som regel til ungdommar, dette gjer at eg ynskjer vite om den eldre gruppa. Eg ser føre meg ei gruppe i 40-50års alderen som har mista store delar av ungdomslivet sitt til rus og/eller psykiske vanskar, men som samstundes har eit heilt liv føre seg. Eg avgrensar oppgåva til å omhandle dei illegale rusmidlane, da eg ser på alkoholavhengigheit som eit eige stort tema for denne type oppgåve.

1.3 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva starte med eit litteraturkapittel der eg viser til tidlegare forskning omkring bustadsosialt arbeid med menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar. Eg går inn på stoda for deira situasjon, og det nye kartleggingsverktøyet BrukarPlan. I same kapittelet vil eg vise til ulike forklaringar på bustadløysa i Noreg, for å dermed skape ein tanke om realiteten av problemet. Deretter kjem metodekapittelet der eg forklare framgangsmåten eg brukte for å finne den relevante litteraturen. Eg vel her å presentere min hovudlitteratur og forskning omkring Housing First. Vidare går eg inn på teori om Housing First, der eg ser på modellens teoretiske prinsipp og deretter kort gjere greie for modellen. For å samle trådane vil drøftinga gå inn på kva som er utfordringane i det bustadsosiale arbeidet med desse menneskja. Eg vil deretter sjå på korleis Housing First kan bidra til å redusere utfordringane, og rundar av drøftinga med ein oppsummering og konklusjon. Deretter avsluttar eg med å vise kva eg har svara på i denne oppgåva.

2.0 Tidlegare forskning

I denne delen av oppgåva vil eg presentere tidlegare forskning om bustadsituasjonen i Noreg for menneskje med rus og/eller psykiske vanskar. Litteraturen gjev informasjon som gjev betre forståing av stoda i Noreg per dags dato. Eg viser til det bustadsosiale arbeidet i Noreg, stoda omkring bustadsituasjon til menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar, og deretter individuelle og strukturelle forklaringar på bustadløyse.

2.1 Kva er bustadsosialt arbeid?

Fleire departement har utvikla strateginotatet *Bolig for velferd 2014-2020*, og innleiar den ved å seie at ”Alle skal bu trygt og godt”. Det er deira visjon at alle skal bu godt og trygt, noko dei fleste i Noreg gjer. Diverre gjeld ikkje dette alle, og eit godt bustadsosialt arbeid i kommunen

blir relevant (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014-2020, s. 7). Kommunen står med ansvaret for å hjelpe dei vanskelegstilte på bustadmarknaden som sjølv ikkje greier ivareta egne interesser, men sjølve arbeidet med å skaffe varig bustad er ikkje ein lovpålagt plikt (Helsedirektoratet, 2012, s. 79). Kommunen har derimot etter lov om sosiale tenester i NAV (2009, § 27), plikt til å finne eit midlertidig husvære. Vidare har kommunen etter sosialtenestelovas §15 og etter Helse- og omsorgstjenestelova (2011, § 3-7), plikt til å medverke til å skaffe bustad til dei vanskelegstilte. Å vere vanskelegstilt i bustadmarknaden i Noreg betyr at ein ikkje greie skaffe seg bustad eller eit tilfredsstillande bu-forhold åleine, og dermed har behov for offentleg bistand. Det er det offentlege si oppgåve å leggje til rette for at folk kan klare seg på eiga hand (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014-2020, s.8ff). Det offentlege skal sikre at

- Alle skal ha ein god stad å bu
- Alle med behov for tenester, skal få hjelp til å meistre bu-forholdet
- Den offentlege innsatsen skal vere heilskapleg og effektiv

2.2 Stoda for bustadsituasjon til vanskelegstilte i Noreg

Historisk sett har bustadpolitikken endra seg frå å vere universalistisk, til og gradvis bli målgrupperetta. Denne omvendinga i bustadpolitikken er kalla for den ”bustadsosiale vendinga”, og viser til at bustadpolitikken gjekk vekk frå å vere retta mot den generelle befolkninga, til i nyare tid gått over til å bli selektiv og fokusert mot dei vanskelegstilte (Vassenden, Lie, & Skoland, 2012, s. 6). Det er samstundes konkludert med at ”kunnskapen om de vanskeligstilte på boligmarkedet er lite tilfredsstillende” (Riksrevisjonen, 2008, s. 10). Det ein derimot veit, er at mange med rusvanskar og/eller psykiske vanskar blir plasserte i kommunale bustadar med andre rusavhengige. Dette utsett menneskja for uheldig risiko, og bidreg til at dei hamne ut i gamle mønster (Stoltenbergutvalet, 2010, s. 30f).

Det viser seg å vere ein mangel på bustadar i kommunane (Stoltenbergutvalet, 2010, s. 31). Kommunane rapportere sjølv om mangelen, og det er med som eit hinder i å sikre varig bustadsituasjon for mange (Kommunal- og regionaldepartementet, 2013, s. 104). Fleire offentlege dokument er med å underbygge påstanden. Blant anna strateginotatet Bolig for velferd 2014-2020 og Stoltenbergutvalet som viser at det er behov for betre oppfølging, samt fleire og betre bu-tilbod til denne gruppa. Undersøkingar gjer synleg at kommunale bustadar

er i dårleg stand og har vanskar med husbråk. Dette gjer det problematisk for auka livskvalitet og reduksjon av rusbruk (Riksrevisjonen, 2008, s. 9). Det viser seg elles å vere vanskeleg med bustad på den private marknaden, ved at private ikkje ynskjer ein rusavhengig som nabo eller leigetakar. Eit velkjend omgrep er ”not in my backyard”– ikkje i min bakgard. Folk er bekymra for rusåtferd, støy og kriminalitet, særskild i områda med barn (Brodtkorb & Rugkåsa, 2007, s. 107). Samstundes viser det seg å vere betre for dei rusavhengige å bu i eit ordinært nabolag. Å busetje dei vanskelegstilte i ordinære nabolag er anerkjende metodar for rehabilitering og aukar brukaren sin bu-kompetanse (Aakerholt, Veia & Tønnesen, 2016, s.114). Som ein utfordring i å få bustad på den private marknaden er det eit faktum at gruppa blir stigmatiserte. Goffman definerer stigma som ”en eigenskap, der er dybt miskrediterende”. Befolkninga vel eit einseitig fokus på vanskane til menneskja. Ein generalisere og set seg opp ein meining om at alle desse menneskja er omringa av støy, og såleis er det ikkje tillit til at menneskja kan bu i ordinære bustadar utan fare for husbråk eller rusmidlar. Dette medføre sosial avvising og manglande anerkjennelse ovanfor individets positive eigenskapar (Goffman, 2009, s. 20f).

2.2.1 Bustaden- ei nøkkelrolle

Menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar er ei gruppe med spesielle helseutfordringar. Dei har samansette og langvarige levekårsvanskar, som viser seg ved kort utdanning, dårleg økonomi og svak sosial forankring (Helsedepartementet, 2007, s. 25). Bustaden blir sett på som særleg viktig for denne gruppa, ettersom det å bu ofte er avgjerande for helsa og deltaking i arbeidslivet. Som innleiinga viser, er menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar overrepresentert blant dei bustadlause i landet. For at dei skal få nytte av behandling, er bustaden ofte sett på som ein føresetnad, og kan vere med å redusere innlegging i institusjon eller opphald i fengsel (Helsedirektoratet, 2014, s.40ff). I fylgje By- og regionforskningsinstituttet er ulike bu- og oppfølgingstiltak gode verkemiddel som kan vere med å auke deira livskvalitet (Metodehandboka, s. 13). Den nasjonale strategien for bustadsosialt arbeid vil ut i frå dette stimulere til at fleire bu-tilbod med oppfølging skal bli etablert for denne gruppa, og at brukarmedverknad ved busetjing skal vere i fokus (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014-2020, s. 17). Sintef sin forskingsrapport omtalar bustaden som det viktigaste og første skrittet i rehabiliteringsprosessen. Resultat frå rapporten seier at ”dersom pasienten hadde hatt bolig kunne innleggelse vært unngått” (Sintef, 2013, s. 33).

2.2.2 BrukarPlan

Utfordringar knytt til å forbetre tenestene, er at kommunane i låg grad har oversikt over den samla problematikken. Ut i frå liten oversikt har fleire starta nytte kartleggingsverktøyet BrukarPlan, som gjev verdifull informasjon til kommunen, og ein heilskapleg oversikt til staten (Prop. 15S (2015-2016), s. 29). Systemet kartleggje brukarens funksjon på ulike områder som; bruk av rusmiddel, fysisk og psykisk helse, og sosiale forhold som bustad, arbeid, nettverk og aktivitet. Systemet er detaljert og oppdatert, og gjev ut talet brukarar av dei kommunale tenestene, samt deira funksjonsnivå og kva teneste dei tek i mot (Helse Stavanger, 2015, s. 1). Opptappingsplanen i rusfeltet viser at menneskjer med alvorlege rus og psykiske vanskar får i for liten grad samanhengande og koordinerte tenester. Etter planen skal dei ordinære kommunale tenestene bli styrka, og ein av desse tenestene er bustad.

BrukarPlan skal bidra til at kommunane planleggje tenestene betre, og leggje opp etter dei faktiske behova til dei vanskelegstilte (Prop, 15S (2016-2020), s.21). BrukarPlan nytte ein tredelt skala for funksjonsnivå - grøn, gul og raud (Prop. 15S (2015-2016, s.7). Tal frå BrukarPlan 2015 viser at 70 prosent av brukarane har tilfredsstillande bustad og hamne på kode grøn, medan ni prosent er utan bustad og hamne på raud. Av desse som opplev bustadløyse hamnar 90 prosent på raud eller blodraud på levekårs indeksen. Denne indeksen viser til at bustad har relativ sterk samheng med andre levekår, og det tydar på at bustad er viktig faktor for auka livskvalitet og bør vere på plass først (Helse Stavanger, 2015, s. 9).

2.3 Forklaringar på bustadløyse

Forsking på bustadløyse kan kategoriserast ut i frå både individuelle og strukturelle forklaringar som eg no vil gå nærare inn på.

Dei individuelle forklaringane byggjer på trekk ved individet som føre til vanskar med å bu (NOU 2011:15, s. 96). Den enkeltes sjukdom, rusvanskar og åtferd får merksemda i desse forklaringane, samt den enkeltes prioriteringar og erfaringar med å bu (Aakerholt, Veia & Tønnesen, 2016, s.29f). Dei samansette og kompliserte behova til menneskjer med rus og/eller psykiske lidningar, gjer til at dei fell mellom tiltaka som hjelpeapparatet kan tilby (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014-2020, s. 32). Samstundes som ein skal ta omsyn til den psykiske lidinga og behovet med behandling, skal ein gje aksept for rusavhengigheita og det kaotiske livet som medfører. Erfaringane til Aakerholt, Veia &

Tønnesen (2016, s. 29) er at hjelpeapparatet legg størst vekt på individuelle forklaringar. Samfunnet sett krav til den vanskelegstilte om at han/ho må tilpassa seg dei strukturelle forholda, sjølv om desse ofte skapar barrierar for stabile bu-forhold.

Andre forskarar derimot, vektleggjer samfunnsmessige strukturar og forhold som eit hinder mot fast bustad for vanskelegstilte. Forholda omhandle blant anna rutinane i samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og det kommunale tenesteapparatet i forbindelse med utskrivning frå institusjon. Dei er og knytt til samarbeid i sjølve kommunane, og det stillest spørsmål omkring rutinanes funksjon og det å gje heilskaplege tilbod (Brodtkorb & Rugkåsa, 2007, s. 96f). Dei siste tiåra har det vore nedlegging av institusjonsomsorg innan psykisk helsevern. Det har ikkje vore tilsvarande respons med bygging av fleire bustadar i kommunen, og det kommunale oppfølgingstilbodet ser ut til å ikkje vere tilstrekkeleg (Brodtkorb & Rugkåsa, 2007, s. 96f). Det resultere i ventelister og køar på dei tilgjengelege bustadane for gruppa med rus og/eller psykiske vanskar (Kommunal- og regionaldepartementet, 2013, s. 104). Kommunane har eit mål om normalisering av dei vanskelegstilte, der dei skal få bu i ordinære bustadar og bu-miljø, med sjansen til å leve sjølvstendige og aktive liv. Eit hinder for dette målet er at kommunane disponere for få eigna bustadar til formålet (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014-2020, s. 8).

2.4 Oppsummering

Ut i frå ovannemnte litteratur blir det synleg at me klarar ikkje hjelpe denne målgruppa tilstrekkeleg, og det er mangel på kompetanse om kva tilnærmingar som hjelp. Eg ynskjer dermed i denne oppgåva å medverke til å få meir kompetanse ved å sjå på korleis Housing First kan vere ein potensiell løysning til bustadsosialt arbeid i Noreg.

3.0 Framgangsmåte

Framgangsmåte er eit anna ord for metode, for å bringe fram kunnskap (Dalland, 2010, s. 83). For å vise til god kunnskap på mi problemstilling har eg valt eit litteraturstudie som metode. I litteraturstudiet studere ein allereie eksisterande litteratur, eller tidlegare forskning (Støren, 2013, s. 16). Grunnlag for at eg valte denne framgangsmåten, er at den er hensiktsmessig i forhold til mi problemstilling, der eg vil finne kva informasjon som eksistere om arbeidet rundt det bustadsosiale arbeidet, stoda i Noreg og modellen Housing First. Med tida og

rammene eg hadde til rådvelde fann eg at litteraturstudie hadde størst potensiale til å belyse oppgåvas problemstilling.

3.1 Å finne god litteratur

Eg brukte god tid på å velje litteratur då oppgåva er basert på eit litteraturstudie, der litteraturen er grunnmuren. Ein god oversikt skape eit betre utgangspunkt for å planleggje det vidare arbeidet (Dalland, 2010, s.64).

Eg har sidan praksis vore klar på kva eg ville skrive om, og har ut i frå det hatt mine tankar om litteratur. Eg har likevell i stor grad vore open om å finne motstridande forskning og nye idear (Dalland, 2010, s.64). Ulike databasar på skulens bibliotek er nytta; ORIA, Google Scholar og helsebiblioteket. Eg brukar både norsk og internasjonal litteratur. Den norske litteraturen gjev informasjon om stoda i Noreg, medan den internasjonale viser til modellen Housing First sine gode resultat. Eg brukar dermed både engelske og norske søkeord. Eg har brukt ord som *"drug abuse"*, *"drug addiction"*, *"ROP"*, *"rus"*, *"Housing First"*, *"bolig"* og *"integrering"*. Orda kombinerte eg med kvarandre, for betre resultat. Ut i frå at det er vanskeleg å kome med gode søkeord og at eg får mange treff, har eg vald ulike eksklusjonskriteria. Eg avgrensa meg til litteratur frå 2005, men då nærast mogeleg i tid ettersom eg ynskjer å vise til nyare forskning. Eg starta søke i Oria der eg avgrensa søka i emnefeltet til å omhandle rus og psykiatri, samt teori om bustad og Housing First. Vidare las eg forskjellige abstrakt for å leite meg fram til relevante tekstar, deretter nytta eg snøballmetoden der eg undersøkte litteraturlista tekstane hadde nytta. Eg har vurdert tekstane ut i frå gyldigheit, forfattars relevans og kven som er fagfelleverdert.

3.2 Kjeldekritikk

Arbeidet rundt å vurdere kvar einskild kjelde gjer det tidkrevjande. Eg tykkjer det er vanskeleg å vite kva som er kvalitetssikra, og kva tekst som viser seg meir relevant enn andre. Dalland (2010, s.75) viser til at ein må avgrense seg mot å lese for mykje litteratur som ikkje er relevant for sjølve oppgåva. Det er samstundes viktig å tenkje at ulik litteratur, gjev forskjellige bidrag.

Eg brukte forskjellige typar kjelder; lærebøker, forskning og vitskapelege artikkelar som er fagfelleverderte. Ved vurdering av kjeldene, ser eg på kven som svarar til mi problemstilling

på best mogeleg måte. Eg prøve finne fram til primærlitteratur på mine hovudkjelder, ettersom fleire kjelder er sekundærlitteratur og då fortolka og nytta av andre. Dette gjere til at det originale perspektivet kan ha endra seg (Dalland, 2010, s.72). At eg vel å bruke nyare litteratur er viktig da fokuset mitt er retta mot eit felt i stadig endring og mykje av den forskinga som er gjort kan bli utdatert. Når eg vurderte litteraturen tok eg utgangspunkt i omgrepet reliabilitet, der eg vurdere pålitelegheita av ei kjelde, og omgrepet validitet der eg ser på kor gyldig kjelda er (Dalland, 2010, s. 50f).

3.3 Mitt litteraturval

Eg vil no presentere mine tre hovudkjelder for teorien om Housing First, kven som har skrive dei og relevans for mi oppgåve.

Housing First - Metodehandbok

Tittelen i boka er "Housing First - metodehandbok", og er utarbeida gjennom det breie samarbeidet mellom kommunane Bergen og Sandnes, Helse Bergen HF, Helse Stavanger HF, Husbanken, Helse Vest RHF og grunnleggjaren av Housing First; Sam Tsemberis. Desse ulike instansane har alle vore med å utvikla boka, og Tsemberis har stadfesta at informasjonen i metodehandboka svarar til prinsippa og arbeidsmetodane i Housing First. Forfattarane gjev ei oppskrift på modellen og skildrar korleis drive Housing First i Noreg, med bakgrunn i Housing First prosjekta i Bergen og Sandnes kommune. Boka er til for kommunane som vurderer å starte Housing First, samt at boka eigna seg for dei som er interessert i korleis Housing First kan bidra til å få slutt på bustadløyse. Etter mitt formål er boka ei sentral kjelde for min teoretiske presentasjon av Housing First. At boka er godkjent av grunnleggjaren til modellen, gjer til at eg vurderer den til å vere gyldig og påliteleg for mi oppgåve. Boka vil vidare bli referert som "Metodehandboka".

Housing First i Norge – Sluttrapport. Prosesser, resultatet og kartleggingskjema

Av Snertingdal, M. I., & Bakkeli, V. (2015):

Rapporten fann eg gjennom snøballmetoden når eg såg på tidlegare relevante tekstar. Rapporten er gjennomført av forskingsstiftelsen Fafo, der Husbanken er oppdragsgjevar. Den er andre del av den todelte rapporten frå oppdraget til Husbanken "Housing First – resultater og læring". Denne delen beskriver og viser til resultat av dei ulike Housing First prosjekta i Noreg. Samla sett er dette ein relevant rapport for min teori om Housing First, ettersom

rapporten viser til resultat av Housing First i Noreg, og kva resultat modellen gjev ved å skaffe bustadar. Boka kjem i frå ein påliteleg oppdragsgjevar og forskingsstiftelse, og er dermed ein gyldig rapport for å finne ut om Housing First kan vere ein god modell i Noreg.

Housing First: An Ecological Approach to promoting Community Integration

Av Ornelas, J., Martins, P., Zilhão, T., & Duarte, T. (2014)

Casas Primeiro er namnet på det første Housing First prosjektet i Portugal, der fokuset var å støtte dei bustadlause med rus og/eller psykiske vanskar til å oppretthalde sjølvstendige leilegheiter. Denne artikkelen byggjer på ei evaluering av prosjektet og viser til signifikante resultat. Evalueringa byggjer på intervju med 45 respondentar som alle deltek i Casas Primeiro. At artikkelen bidreg med brukarerfaring i frå eit land som viser til gode resultat av modellen, gjev meg ein gyllen sjanse til å demonstrere verknaden Housing First kan gje. Samstundes kan den gje verdifull perspektiv på likskap og ulikskap mellom Noreg og andre land, og såleis gje innsikt i kontekstuelle forhold ved det bustadsosiale arbeidet i Noreg.

4.0 Teori; kva er Housing First?

I denne delen av oppgåva vil eg gjere greie for Housing First. Eg vil først vise til modellens teoretiske prinsipp, deretter modellens innhald. Dei grunnleggjande prinsippa blir skildra slik som grunnleggjaren Sam Tsemberis utvikla dei, der blant anna makt og myndigheit i eige liv står sterkt. Dei åtte skildra prinsippa heng mykje saman; (1) Bustad som menneskerett, (2) Deltakarstyrte val, (3) spreidd busetjing, (4) varme, medkjensle og respekt for alle deltakarar, (5) skilje mellom bustad og tenester, (6) forplikting til å følgje opp deltakaren so lenge det er behov, (7) ein tenestefilosofi med fokus på betringsprosessen og (8) skadereduksjon (Metodehandboka, s.43).

4.1 Teoretiske prinsipp

Det mest sentrale prinsippet i Housing First er at *bustaden er rekna som ein menneskerett*, og ikkje eit privilegium som ein må gjere seg fortent til ved for eksempel å delta i behandling (Metodehandboka, s. 44). Det sentrale bak prinsippet om menneskerett er at deltakarane skal få velje bustad etter eige ynskje, og det skal skje raskt i ein permanent bustad. Tanken byggjer på at bu-stabilitet betre kan nåast ved deltakarens eigne premiss, og såleis gjer prinsippet om *deltakarstyrte val* sterkt i modellen (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 36). Deltaking i programmet er frivillig, og ein kan i grunn takke nei til å delta. Det skal likevull presiserast til

deltakaren at det er han/ho som sjølv styrer skuta i Housing First, og at ein får velje leilegheit i det området han/ho vil bu i. Ein bustad i belasta miljø med fleire vanskelegstilte samla, er ikkje eit hensiktsmessig val i modellen, og dermed er ein del norske kommunale bustadar ikkje høvelege (Husbanken, 2013, s.3). Dette heng saman med modellens grense på maksimalt 20 prosent bebuarar per nærmiljø eller bustadblokk (Metodehandboka, s. 45). Tanken bak er at det ikkje er høveleg å setje fleire med same problemet i eit område, då ein lett kan påverke kvarandre. Samstundes skal ein hugse på at modellen baserer seg på det deltakarstyrte valet. Uansett korleis deltakaren ynskjer bu, er det hans/hennar val og det er den type bustad Housing First skal hjelpe til å skaffe (Metodehandboka, s. 21).

Vidare tek modellen utgangspunkt i individuelle preferansar, og ved at deltakarane har ulike ynskjer, blir bustadane naturleg nok meir spreidde, slik som programmet tek sikte på ved *spreidd busetjing*. Tsemberis peikar på at ved at deltakarane sjølve i stor grad får velje kvar dei vil bu, får dei synet opp for bustaden som ein verdi som dei kan gjere om til ein heim. Dette gjer til at fleire tek opp kampen for det rusfrie liv, for å auke sannsynet for å få bli buande der (Metodehandboka, s. 44). Basert på at modellen er deltakarstyrt, er det viktig at ein viser *varme, medkjensle og respekt* ovanfor deltakarens ynskjer og val. Deltakarens val skal bli vist med respekt, og han/ho skal bli anerkjend som herre over eige liv. Det er avgjerande for relasjonen mellom partane at sosialarbeidaren er klar over sin non-verbale, kroppslege kommunikasjon, og haldningar retta mot deltakar. For å skape ein god relasjon og eit betre samarbeid, må ein vise ekte interesse, engasjement og velvilje ovanfor å hjelpe og støtte deltakaren. Han/ho skal oppleve at livssituasjonen er eit viktig område for prioritering, og at deltakarens liv har verdi (Metodehandboka, s. 44). Ved å byggje desse gode medmenneskelege relasjonane, gjev det deltakarane kjensle av gjensidig respekt og forståing, som såleis gir auka motivasjon og stabilitet til å vere i bustaden (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 9).

Vidare skil Housing First *bustaden frå tenestene*, der bustaden blir tildelt utan at det medføre ei plikt til å gå til behandling. Brukarens valfridom er gjennomgåande viktig i alle prinsippa, også på dette punkt (Husbanken, 2013, s. 4). Dersom deltakaren blir kasta ut i frå bustaden, innlagt på institusjon eller hamne i fengsel, vil ikkje det føre til sanksjonar som det å miste tenestene som han/ho mottar. Deltakaren blir heller ikkje utvist frå programmet Housing First, men teamet held fram med å finne ny høveleg bustad (Metodehandboka, s.45). Housing First *forplikte seg til å fylgje opp deltakaren so lenge det er behov* for det, og det medføre og at

programmet er til disposisjon for deltakaren til tross for ein eventuell innlegging eller fengselsstraff. Det er viktig at tilsette i Housing First formidle konsekvent bodskap om at dei satsar på individet, og fylgjer opp so lenge deltakaren føler behov for det, slik at deltakaren føler seg ivareteken (Metodehandboka, s.45).

Housing First sin filosofi er *fokus på betringsprosessen*, og kalla recovery, som Tsemberis tar føre seg som hjørnesteinen i modellen. Direkte oversett tyder recovery ”å kome seg” eller ”betring”, og enkelt sagt omhandlar det å få eit godt liv. Meininga med recovery og den betringsorienterte praksisen er at betring er ein sosial og personleg prosess, der kvar einskild kan leve eit meningsfullt liv til tross for avgrensingane problema kan forårsake (Helsedirektoratet, 2014, s. 31). Teamet skal heile tida formidle håp om at betring er mogeleg. Samstundes skal dei tilsette stole på at deltakar er ekspert på eige liv, og sjølv klare stå i posisjon til å vite kva som vil fungere og ikkje (Metodehandboka, s. 45f). Modellen fokuserer og på prinsippet om *skadereduksjon*, sjølv om dette står i nær samanheng med betringsprosessen. Det er ikkje krav om total rusfridom, men fokus på å redusere dei negative konsekvensane av rusbruk. Teamet skal ikkje leggje vekt på å stoppe rusbruken dersom deltakar sjølv ikkje reknar det som eit problem. Framgangsmåten til teamet blir då at ein saman med deltakar skal sjå på korleis det påverke dei andre måla som han/ho sjølv har sett seg. Det blir då ei forsiktig endringsfokusert tilnærming der ein viser deltakar kva med rusbruken som gjer til at dei andre måla eventuelt ikkje blir oppfylt (Metodehandboka, s. 46f).

4.2 Modellen

Målgruppa til Housing First er bustadlause personar, særskild retta mot menneskjer med samansette utfordringar som rus og/eller psykiske vanskar. Modellen tek stort sett utgangspunkt i dei som har vore bustadlause over tid, med ei vanskeleg fortid og som ikkje har nytt godt av dei tradisjonelle ordningane (Metodehandboka, s. 17). For at dei skal få delta i modellen er det ulike kriterium som må oppfyllest. Dei krava som vert sett til deltakarane er at dei skal gå etter vilkåra i ei standard leigekontrakt, og møte dei tilsette ved heimebesøk ein gong i veka (Metodehandboka, s. 16). Det er og eit krav om at deltakar er villig til å bruke 30 prosent av inntekta på husleige (Snertingdal, 2014, s. 30). Deltakarane blir tilbydd frivillig forvaltning frå NAV, ei nettbankordning som stille dei i posisjon til å bli sikre betalarar (Metodehandboka, s. 26). Deltakarane kan og velje oppfølging utover heimebesøket ein gong i veka, der det oppfølgjande teamet skal vere tverrfagleg og sett saman på den måten at det

dekkjer behova til deltakarane i dagleglivet (Snertingdal, 2014, s. 9). Modellen bør satse på å rekruttere ein erfaringskonsulent i teamet, som kan fungere som ein rollemodell for deltakarane. Erfaringskonsulenten er eit teammedlem som sjølv har vore bustadlaus, og/eller hatt problem med rus og si psykiske helse. Han/ho kan støtte opp om trua på betring til dei tilsette, som såleis kan styrke kvaliteten på tenesta (Metodehandboka, s. 18).

Housing First har fleire ulike framgangsmåtar for å finne høvelege bustadar. Blant anna å gje bustadar i den ordinære bustadmarknaden der deltakar står som leigetakar, kommunen leige bustadar i den private utleigemarknaden ved å framleige for deltakaren, å bruke den eksisterande kommunale bustadmassen eller kjøpe/byggje kommunale bustadar til Housing First sitt formål (Metodehandboka, s. 22). Utleigarane blir sett på som ein samarbeidspartnar, og dermed blir det sett inn mykje ressurs for utleigars trivsel med ein Housing First deltakar. Ressurs som det å vere lett tilgjengeleg på telefon, og eigen vaktmeister ordning som vedlikehalde leilegheita og fiksar det som eventuelt skulle bli øydelagt (Metodehandboka, s. 37f). Teamet skal og stille til disposisjon for naboar, og med det svare på eventuelle spørsmål. Det kan vere nyttig å gje den informasjonen ein kan til naboane, og eit nummer å ringe til ved behov. Det viktigaste i desse tilfella, er at informasjonsdelinga alltid skal vere i forståing med deltakaren (Metodehandboka, s. 38).

5.0 Drøfting

I dette kapittelet ynskjer eg presentere mine funn frå litteraturstudiet. Eg vil her drøfte to underspørsmål; kva utfordringar som er å finne i det bustadsosiale arbeidet med menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar, og om Housing First kan bidra til å redusere desse. Eg vil såleis ut i frå desse underspørsmåla svare på mi problemstilling om kva måte Housing First kan vere ein modell for å styrke det bustadsosiale arbeidet ovanfor menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar i Noreg.

5.1 Utfordringar i det bustadsosiale arbeidet

Det er fleire utfordringar til kvifor oppgåvas målgruppe ikkje får varig bustad. Ut i frå mitt litteraturstudie valde eg tre faktorar som skil seg særleg ut; bustadmangel, vanskar med å kome inn på den private bustadmarknaden og at dei ikkje kjem i posisjon til å føle på bustaden som ein heim. Me skal no sjå på desse utfordringane.

5.1.1 Mangel på bustadar

Det viser seg å vere mangel på høvelege bustadar i Noreg. Dette er eit hinder i at menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar blir varig busette i ein høveleg bustad (Kommunal- og regionaldepartementet, 2013, s. 104). Mangelen er ein kombinasjon mellom kommunale bustadar i dårleg stand, samt at det er vanskeleg for denne gruppa å få tilgang til den private bustadmarknaden. Forskarar viser at dei strukturelle tilhøva med manglande einingar medføre bustadkøar og midlertidig uheldig busetjing (Kommunal- og regionaldepartementet, 2013, s. 104). Rusavhengige med og/eller psykiske vanskar i behandling må ofte bu i hybelhus eller bustadar der dei blir dagleg eksponert for rus (Stoltenbergutvalet, 2010, s. 30). Dette vil vere motseiande mot det bustadsosiale arbeidets visjon, der alle skal bu godt og trygt. Ein bur verken trygt eller godt dersom ein bur ein stad der ein blir dagleg eksponert for vanskane sine, samt oppsøkt av uheldige miljø.

Fleire forskarar støttar det at kommunale bustadar blir mest brukt. Snertingdal & Bakkelis erfaringar tilseier at dei norske Housing First prosjekta har ei utfordring ved at dei ikkje får tilstrekkeleg tilgang til den private bustadmarknaden. Det medføre bruken av kommunale bustadar i busetjinga (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 7). Ein informant i Snertingdal & Bakkelis studie seier dette om tilgangen til den private bustadmarknaden i Noreg

Det er et evig problem. Vi har jo et evig ønske om innpass på det private leiemarkedet. Vi ser at det som leier privat i sameie, det kan gå fint med dem, men det er også krevende. Vi er stadig i dialog med flere store utleiere, men det er jo en lang vei å gå. Det er mye skepsis og uro blant utleiere. Vi har forsøkt å være til stede overfor utleier. Vi kan blant annet ta på oss å reparere skader på leiligheter, så vi gir veldig mye. Så vi forstår ikke hvorfor de ikke vil samarbeide med oss, men er det rus, så er det nei. (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 36).

Studien synleggjer at det er utfordringar i Noreg med å få innpass på den private marknaden. På ei anna side er det å busetje dei vanskelegstilte i ordinære nabolag med på å auke bukompetansen, og gjer det såleis viktig for rehabiliteringa (Aakerholt, Veia & Tønnesen, 2016, s.114). Sjølv bustaden er ikkje ein behandlingsarena, men kan medføre betre funksjon og livskvalitet og er dermed viktig å stabilisere (Helsedirektoratet, 2012, s. 79). Studien til Snertingdal & Bakkeli viser til eit interessant tiltak for å få innpass i den private bustadmarknaden. Drammen kommune fremma eit ynskje om å forsøke bustadar med kommunal tildelingsrett i den private bustadmarknaden. På denne måten får dei private

utleigarane øyremarka tilskot frå Husbanken, og kommunen gjennom Housing First får tildelingsretten i 20 år til å leige ut bustadane dei får til rådvelde. Da står leigetakar og privat utleigar som avtalepart, men kommunen kan bestemme kven som skal inngå leigeavtalen (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 37). Dei få resultatata som er dokumentert viser at deltakarane fekk raskt tilbod om bustad med god kvalitet og sjansen til å gå på visning (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 38).

Medan det i Noreg er ei stor utfordring for å finne høveleg bustadar kjapt, viser det motsette resultat i Portugal. Det kjem ikkje fram i rapporten korleis dei har jobba med å få til dette, men det er grunnlag til å tru at Portugals økonomiske situasjon har noko å seie. Ornelas et al. viser til fleire uheldige bu-forhold med fattige tilstandar og lite sikkerheit i heimen frå oppvekst av (Ornelas et. al., 2014, s. 36). Det er store forskjellar i velferdssystemet til Noreg og Portugal, og den økonomiske situasjon er deretter (Snertingdal & Bakkeli, s. 49). I Portugal er det på den eine sida fattige tilstandar med låg sikkerheit, som for meg er eit teikn på at dei set ikkje store krav til kvaliteten på leilegheita, og at det då kan vere lettare for Housing First teamet å gje ulike tilbod. På den andre sida er sannsynlegvis motivasjonen høgare til å behalde ein bustad med sikkerheit frå Housing First teamet, med bakgrunn i at dei er van med utrygge rammer frå før. Derimot er tilgangen til den private bustadmarknaden truleg kortare, då Housing First tilbyr ulike garantiar til utleigar. Garantiar i at husleiga blir betalt, og at teamet er lett tilgjengeleg ved eventuelt husbråk. Dette vil setje utleigar i ein betre økonomisk situasjon. Ved samanlikning mellom Portugal og Noreg, kan det og sjåast ut som at Portugal ikkje har dei same kommunale tilboda som Noreg har, og at det dermed er vanlegare med bustadar på den private bustadmarknaden.

5.1.2 Not in my backyard

Det har gjennom mitt litteraturstudie utmerka seg som ei utfordring å kome i posisjon til å leige på den private bustadmarknaden. Menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar har ofte ein livsførsel som ligg i ytterkant av det som er norma i eit ordinært nabolag. Livsforma til denne gruppa ber preg av uro, eit ustrukturert liv, og hyppige besøk av ein omgangskrets med belastningar og utfordringar (Aakerholt, Veia & Tønnesen, 2016, s.112). Dette er mykje av grunnlaget til omgrepet ”not in my backyard”, motstanden mot kommunale bustadar og vanskelegstilte i eige nærområde (Aakerholt, Veia & Tønnesen, 2016, s.114). Mange av desse med stigmatiserande haldningar har ofte ei usikkerheit omkring livsforma til desse

vanskelegstilte. Det kan dermed sjåast ut som at relevant informasjon på førehand kan vere med å redusere denne usikkerheita. Eg tenkjer det er mykje av det same prinsippet som når ein får ein ny nabo. Ein blir nysgjerrig og første inntrykket kan i enkelte tilfelle vere avgjerande. Dersom nabolaget veit kva type menneskjer som kjem, og korleis oppfølging og støtte desse får frå tenesteapparatet, kan det tenkje seg til at usikkerheita blir noko redusert. Det viktigaste av alt er at personvernet til kvar einskild blir ivareteken.

Stigmaet står nært knytt til menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar her i Noreg (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 37). Sjølv om ein går inn for å leve det rusfrie liv, er haldningane i samfunnet retta mot at det er ein tidlegare rusmisbrukar og åtferda er deretter. Det er derimot interessant å sjå frå Portugal at stigmaet vart opplevd i samband med det å vere utan bustad. Etter busetjing av menneska derimot, såg det ut til at stigmaet forsvann og deltakarane blei aksepterte og respekterte som vanlege statsborgarar (Ornelas et. al., 2014, s. 43). Ein deltakar i prosjektet i Portugal seier dette om å gå frå å vere utan bustad, til å flytte inn i eit ordinært nabolag:

It was really hard for me, when people were passing by. I felt like I didn't exist. (...) Ever since I move to this house I felt a big difference in my life. I feel that is easier to talk with other people without feeling shame (...) Now I feel that I am part of society not an outcast. (Ornelas et. al., 2014, s. 43).

I fylgje Goffman (2009, s. 20f) blir den stigmatiserte nedvurdert og behandla ulikt frå dei ”normale”. I den norske konteksten overskygge stigmaet bustadsituasjonen, og blir verande der tross for at menneskja har fått bustad. Dei blir ikkje sett i posisjon til å få skape seg ein ny identitet, fordi ein blir behandla ulikt frå dei resterande statsborgarane.

Mykje av grunnlaget til kvifor ein hamne bakerst i bustadkøen, er at det er mange som ynskjer leige bustadar her i landet. Forskarane Dyb & Holm viser til at blant anna mange studentar ynskjer leige, og det medføre at dei vanskelegstilte med sin historie blir lite prioritert (Dyb & Holm, 2015, s. 97). Ein annan forskning som viser til motstanden mot vanskelegstilte i eige nabolag, er Rambøll. Rambøll viser til bekymringa som utleigarane har ovanfor manglande garanti utøver den ordinære depositums garantien. Fleire har ein skepsis ovanfor kommunens rolle, og deira ansvar etter at den vanskelegstilte er komen i bustad. Det er usikkerheiter rundt kven som står ansvarleg, og kven ein skal kontakte ved eventuelt husbråk (Husbanken, 2013, s. 25).

5.1.3 Bustad eller ein heim?

Mål nummer 1 i Bolig for velferds strategi, er at alle skal ha ein god stad å bu. For dei vanskelegstilte krevjast det ein bustad av god kvalitet, utforma på den måten at ein skal kunne skape den til ein heim (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014-2020, s. 17). Med å ha ein heim meiner eg å ha ein stad å bu, der ein føler seg trygg, får kjensle av å ha ein identitet og eit sosialt tilhøyrse. Dersom ein berre har bustad, vil det seie at kjensla av å vere heime ikkje er til stades. Ein føler seg ikkje trygg, manglar eigen identitet og er ikkje sosialt kopla med nabolaget (Brodtkorb & Rugkåsa, 2007, s. 14). Det kan derimot sjåast ut som at jobb eller aktivitet er sentralt for å kome inn i det nye lokalmiljøet. Det å kunne vere økonomisk sjølvstendig, men og verdien av å bli sett av nokon utanfor rusmiljøet er viktig. Arbeidet kan bli brukt som eit verkemiddel til å skape sosiale nettverk, og kan gi ein kjensle av mening i livet. Såleis er det viktig å fylle dagane med noko meningsfullt og gjevande, for å skape trivsel og den gode kjensla av struktur i kvardagen sin (Stoltenbergutvalet, 2010, s. 31).

Det viser seg å vere vanskeleg å finne ein bustad som kan bli til ein heim for kvar einskild her i Noreg. Dette heng i hop med at tilboda som regel er kommunale, og i dårleg stand omringa av uheldig miljø (Riksrevisjonen, 2008, s. 9). Det kan sjå ut som at å bu i desse miljøa skaper ein utrygg situasjon for menneskja med desse vanskane, da det medføre kontakt med det som var problemet frå starten av. At dei kommunale bustadane er forbunde med dårleg kvalitet og støy, ser ut til å medføre tilbaketrekking til rusmiljøet og at ein ikkje brukar bustaden ein har fått tildelt. Kartleggingar av BrukarPlan viser at det er snakk om ni prosent som står utan bustad (Helse Stavanger, 2015, s. 9). Desse ni prosentane har då mest truleg fått tilbodet om midlertidig bustad, som kommunen skal gje etter lov om sosiale tenester i NAV (2009, § 27). Det kan dermed vere ein tanke at dei ikkje føler seg trygge eller heime i denne bustaden, og dermed trekker tilbake til det som er kjende forhold for dei.

I studien frå Portugal kjem det fram at deltakarane der var utan noko form for bustad, og at det dermed vart lettare å sjå på bustaden som ein heim (Ornelas et. al., 2014, s. 38). Det at dei budde ute medførte lite humanitære og sanitære forhold. Det var ingen sikkerheit og tryggleik og medførte ein sårbar situasjon som ofte resulterte i meir rusmisbruk. Det at deltakarane vart busette skapte då ein signifikant endring, med sjansen til privatliv, ei seng å sove i, eit kjøkken å lage mat på og ikkje minst ein tryggare livssituasjon (Ornelas et. al., 2014, s. 39).

Det er derfor grunn til å tru at i Portugisisk kontekst gav dette større endring enn det gjer i Noreg der dei fleste bur, eller har sjans til å bu, i dei kommunale tilboda og såleis har tilgang til desse tinga frå før. På den andre sida er det og grunn til å tru at i Portugal vart dei endå meir motiverte til å ta vare på bustaden, då alternativet elles var å bu ute i dårlege forhold. Ein deltakar seier dette om å bli busett ”A house is a house! For me it’s everything!” (Ornelas et al., 2014, s. 39). Vidare fortel ein deltakar om motivasjonen og at den auka ved å føle seg heime ein stad, lysten til å ta del i samfunnet kom tilbake (Ornelas et. al., 2014, s. 40). Å få ei fast adresse sette deltakarane i posisjon til å søke på studiar og jobbar, og økonomien blei dermed betre. Å få ein bustad resulterte i forbetring i forhold til integrering til eit lokalsamfunn og auka tilhøyr, betre helse, betre økonomi, auka livskvalitet, kjensle av fridom og eit optimistisk syn på framtida (Ornelas et. al., 2014, s. 34).

5.2 Kan Housing First vere med å redusere desse utfordringane?

Housing First har mange gode prinsipp, som gjev deltakarane stor grad av påverknad og valfridom i eige liv (Metodehandboka, s. 10). Snertingdal & Bakkeli (2015, s. 48) viser frå sin studie at 71 prosent blir buande, og at modellen såleis gjev stabiliserande effekt her i Noreg. Med modellens gode resultat er det dermed interessant å finne ut om denne kan redusere utfordringane til det norske bustadsosiale arbeidet.

Som eg viser med tidlegare forskning er hovudutfordringa knytt til tilgjengeleg høveleg bustad i Noreg, samt ein skepsis på den private bustadmarknaden mot å ha ein Housing First deltakar i kjellaren. Mangelen på bustadar skapar vanskar med å jobbe etter prinsippa til Housing First, da modellen føreset at deltakaren skal kunne velje mellom ulike typar bu-forhold (Metodehandboka, s. 22). Modellen har eit mål om rask busetjing i ein valfri leilegheit, og mangelen på bustadar stride såleis i mot modellens prinsipp (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 36ff). Fleire av Housing First prosjekta rapportere om at dei blir møtt med skepsis og fordommar ved forsøk på å leige i den private marknaden. Not in my backyard står sterkt, og erfaringa bli støtta av forskning som viser at målgruppa ofte hamne bakerst i bustadkøen, og oppleving av at den private bustadmarknaden er stengt for dei (Dyb & Holm, 2015, s. 97).

På den andre sida har modellen fleire ulike måtar å løyse denne utfordringa på. Den tek ikkje berre sikte på dei kommunale bustadane, men ynskjer óg å gjere det som må til for å få

innpass på den private bustadmarknaden og med det gjere fleire høvelege bustadar tilgjengeleg. Som fylgje av dårleg innpass har modellen lagt vekt på ulike tenester som skal medføre ein trygg situasjon for utleigar. Blant anna er vaktmeistertenesta og heimebesøket ein gong i veka viktige tiltak, som og kan vere med å skape eit godt renommé for Housing First (Metodehandboka, s. 22). Samstundes gjev den frivillige forvaltninga gjennom NAV ei sikkerheit til utleigar ved at husleiga blir betalt til fast dato (Metodehandboka, s. 26). Housing First kan og framleige leilegheit på den private marknaden for den vanskelegstilte. Ved denne framgangsmåten står kommunen som formell leigetakar og er såleis ansvarleg dersom noko skulle skje. Elles kan modellen få kjøpt eller byggje kommunale bustadar til sitt formål (Metodehandboka, s. 22).

Derimot viser rapporten til Snertingdal & Bakkeli at det er store kommunale forskjellar i framgangsmåten til å finne bustadar (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 21). Nokre kommunar har øymerka ordinære sameige- eller burettslageilegheiter for deltakarane i Housing First. Bustadane er då satt av til Housing First sitt formål. Her får deltakarane raskt tilbod om leilegheiter, og får reise på visning i bustadar med høgare kvalitet enn dei kommunale. Det kan såleis tenkjast at dette er med å forsterke sannsynet for at den komande bustaden opplevast som ein heim. Eg basere dette på modellens fokus på deltakarstyrte val, og at modellen skil tenestene frå bustaden. Det er ein raud tråd gjennom programmet, som tilseier at deltakaren sit i førarsetet og bestemmer kva veg han/ho vil reise. I den tradisjonelle tilnærminga derimot sit tenesteytar i førarsetet (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 20). Den tradisjonelle seier ”her er det du må gjere”, medan Housing First seier ”Korleis kan me hjelpe?”. Dette spørsmålet stiller Housing First uavhengig av situasjon, og går fram med varme, medkjensle og respekt ovanfor deltakarens val (Metodehandboka, s. 24). Ved å gå fram på denne måten forsterke det deltakaren sine kjensler av å bli sett og høyr, og det å ha medverka i eige liv. Deltakaren blir sett i posisjon til å ta tilbake styringa over eige liv, men da med Housing First som er med å støtte betringprosessen. Når ein kjem seg i posisjon til å velje bustad, vil deltakarane velje det som er høveleg for deira livssituasjon og behov. Housing First let denne prosessen ta den tida det treng, da det tar tid å velje seg ein bustad som kan bli ein heim (Metodehandboka, s. 21).

For å gjere bustaden til ein heim er det viktig med trivsel og tryggleik der ein bur. Tida etter deltakar har kome seg til rette i den nye leilegheita er såleis ein kritisk periode. Det er mykje nytt som skal lærast og ein skal samstundes tilpasse seg det nye tilveret, det er då avgjerande

med støtte. I starten har Housing First fleire besøk i veka for å sikre at deltakar finner seg til rette, og førebyggje einsemd med daglege positive aktivitetar (Metodehandboka, s. 37). I denne oppgåva fokusere eg på dei vaksne etablerte brukarane, som er i målgruppa til Housing First. Det kan tenkjast at dei etablerte veit betre kva dei treng av støtte og kva dei kan meistre åleine (Brodtkorb & Rugkåsa, 2007, s. 100). Dermed er det og grunn til å tru at dei veit betre kva som må til for å skape ein heim. Såleis kan oppfølgingsarbeidet lettare planleggjast med erfaringskonsulenten ved si side, kan deltakarane lettare bli motivert til endring.

Det er viktig å ha med seg at i andre kommunar er tilbodet kvalitativt dårlegare, der dei få tilboda er samlokaliserte bustadar. Mangel på bustad er med å hindre dei gode resultatane Housing First kan gje, og skape lang ventetid samt låg valfridom (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 37f). Dette strider såleis mot fleire av Housing First sine prinsipp. Blant anna bustaden som ein menneskerett, det deltakarstyrte valet og den spreidde busetjinga. At det er mangel på bustadar å velje mellom, avgrensar deltakarane val-mogelegheiter. Deltakarane kan då ende opp i ei leilegheit dei ikkje er nøgde med, og i realiteten medføre dette til at deltakarane ikkje har valfridom (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 63ff). Det gode med Housing First derimot, er at teamet set ikkje deltakarane opp på lange ventelister utan å ha forsøkt alle moglege alternativ (Metodehandboka, s. 56). Housing First ynskjer heller ikkje busetje deltakarane i uheldige bustadar med rus og støy i korridoren, da det strider mot modellens spreidde busetjing på 20 prosent bebuarar per nærmiljø eller bustadblokk (Metodehandboka, s. 44f). Det er grunn til å tru at for å skape seg ein heim, må det vere ein trygg avstand frå det tidlegare miljøet. Likevill må ein ta omsyn til at Housing First er deltakarstyrt. Dersom deltakaren ynskjer å bu i samlokalisert kommunal bustad, so skal han/ho få det ynskje oppfylt.

5.3 Oppsummering og konklusjon

Det viser seg at mangelen på bustadar også er ei utfordring for Housing First. Det er vanskeleg å oppfylle eit prinsipp om spreidd busetjing og valfridom, sidan deltakarane må ta den bustaden som er ledig, og ofte samlokalisert med uheldige forhold. I dei norske Housing First prosjekta har det vore mykje klagar og utkastingar (Snertingdal & Bakkeli, 2015, s. 45f). Det heng truleg saman med redusert valfridom på grunn av mangel på høvelege bustadar, og da stor sjans for å ende opp i ei leilegheit dei ikkje er nøgde med. Studiane viser ikkje eksplisitt til resultat om modellen har auka tilgangen til fleire høvelege bustadar, men det

viser seg å vere forskjellar i kommunane. Tolke ein det ut i frå statistikken redusere Housing First utfordringa med få bustadar i vesentleg grad, da modellen som nemnt har fleire inngangsportar til høvelege bustadar. Den kommunale massen, private bustadmarknaden og i nokre tilfelle byggje eller kjøpe bustadar (Metodehandboka, s. 22).

Ved hjelp av ulike inngangsportar og garantiordningar for å sikre fleire bustadar på den private marknaden, kan det sjå ut til at for nokre kommunar fungerer det. Det virke som at ved å setje deltakars mål i sentrum, der deltakar sjølv får velje bustad og om han/ho ynskjer ta i mot tenester utover heimebesøket, bidreg til auka trivsel og sannsyn for å bli verande der. Når menneskja i 40-50 års alderen endeleg blir sett i posisjon til å ta alle vala for seg sjølv, da trur eg at dei har erfaringar som tilseier at dei veit kva som vil fungere for dei. Problemet er stigmatisering og låg tilgang til den private bustadmassen. Eg har vist til at not in my backyard omgrepet står sterkt i Noreg, men truleg kan dette redusere seg noko med kortfattande informasjon til naboane og gode garantiordningar for utleigar. At deltakarane blir fylgt opp i sterk grad i Housing First, med eit teamet som stiller opp så lenge deltakar har behov for det, kan såleis vere ein sikkerheit for utleigarane. At modellen har med seg erfaringskonsulenten er også eit viktig tiltak for betre forståing av deltakars situasjon, og skapar eit håp om eit betre liv slik som modellen med sitt fokus på recovery skal gjere.

Ut i frå ovannemnte moment og drøftingas fokus, ser ein at det er fleire måtar Housing First kan styrke det bustadsosiale arbeidet på. Derimot er det til siste slutt opp til kva midlar som setjast til rådvelde i dei ulike kommunane. At det er behov for ein slik modell, rår det derimot ikkje tvil om etter nedbygging av institusjonsomsorgen. Samstundes svare modellen til den nasjonale strategien for bustadsosialt arbeid. Ynskje der er å stimulere til fleire bu-tilbod med oppfølging til denne gruppa med eit fokus på brukarmedverknad (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014-2020, s. 17). Såleis kan ein seie at Housing First styrke det norske bustadsosiale arbeidet.

7.0 Avslutning

Ut i frå mi problemstilling: ” På kva måte kan Housing First vere ein modell for å styrke det bustadsosiale arbeidet ovanfor menneskjer med rus og/eller psykiske vanskar i Noreg?”, valde eg å undersøkje tidlegare forskning omkring det bustadsosiale arbeidet i Noreg. Her fann eg at fleire forskarar konkludere med at kunnskapen om dei vanskelegstilte på

bustadmarknaden er lite tilfredsstillande, og at forklaringane på bustadløysa er todelt ut i frå individuelle og strukturelle forklaringar. Vidare fann eg tre gjennomgåande utfordringar i forskinga; Mangel på bustadar, stigmatiserande haldningar mot å ha dei vanskelegstilte i eige nabolag, og vanskar med å kome i posisjon til å føle på bustaden som ein heim. Eg undersøkte her om Housing First kunne redusere desse utfordringane.

Mangelen på bustadar er også eit problem for Housing First, men modellen har ulike framgangsmåtar for å skaffe fleire bustadar som sikrar tilgang til den private bustadmarknaden. Informasjonsformidling til naboar, heimebesøk for å undersøkje stoda i leilegheita og eiga vaktmeisterterneeste er nokre framgangsmåtar. Samstundes får utleigar og naboar eit telefonnummer som dei kan ringe døgnet rundt, og deltakaren blir tilbydd frivillig forvaltning gjennom NAV som gjer dei til sikre betalarar. Det er og sannsynleg at sjansen for trivsel aukar i samråd med det deltakarstyrte valet, men det er då ein føresetnad med bustadar å velje i mellom. Det er derimot vanskeleg å gje eit eintydig svar, då det vesle som er forska på i norsk kontekst viser at kommunane har forskjellige ressursar til rådvelde. Ein konklusjon er at modellen kan styrke det bustadsosiale arbeidet ved at den svare på måla til regjeringas bustadsosiale strategi, ved at den gjev fleire bu-tilbod og at brukarmedverknad blir lagt særleg vekt på.

8.0 Litteraturliste

Aakerholt, A., Vea, A., Tønnesen, B.L (2016). *Hjelp til å bo: Oppfølging i bolig til personer med rus- og psykisk lidelse*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Dalland, O. (2010). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Dyb, E., & Holm, A. (2015). *Rus og bolig : Kartlegging av boligsituasjonen til personer med rusmiddelproblemer* (Vol. 2015:5, NIBR-rapport (Oslo : 2002- : online)). Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning. Henta 11.04.17 frå:

<https://helsedirektoratet.no/Documents/Rus%20og%20avhengighet/NIBR%20rapport%202015%20Rus%20og%20bolig.pdf>

Evjen, R., Øiern, T., Kielland, K., (2012). *Dobbelt opp: Om psykiske lidelser og rusmisbruk* (3. utg. ed.). Oslo: Universitetsforl.

Goffman, E. (2009). *Stigma : om avvigerens sociale identitet*. (2. Udg. Ed.). Frederiksberg: Samfundslitteratur.

Hansen I.L.S. & Øverås, S. (2007). *Bolig for personer med psykisk lidelse og rus-problematikk*. I E. Brodtkorb & M. Rugkåsa (red.), *Under tak- mellom vegger*. Oslo: Gyldendal.

Helsedepartementet. (2007). *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller* (Vol. Nr 20(2006-2007), St.meld. ... (online)). Oslo: Departementet.

Helse- og omsorgstjenesteloven. Lov 24. juni.2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. Henta 16.05.17 frå

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=helse%20og%20omsorgstjenesteloven>

Helsedirektoratet. (2012). *Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse - ROP-lidelser* (Nasjonale faglige retningslinjer / Helsedirektoratet). Oslo: Helsedirektoratet. Henta 11.04.17 frå:

https://husbanken.no/bibliotek/bib_boligsosialt/nasjonal-faglig-retningslinje-rop/

Helsedirektoratet. (2014). *Sammen om mestring: Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne: Er verktøy for kommuner og spesialisthelsetjenesten*. (Veileder IS-2076, 2014). Oslo: Direktoratet. Henta 11.04.17 frå:

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/sammen-om-mestring-veileder-i-lokalt-psykisk-helsearbeid-og-rusarbeid-for-voksne>

Helse Stavanger. (2015). *Brukere med rus- og psykiske helseproblemer i norske kommuner, BrukerPlan – Statistikk 2015*. Henta 09.04.17 frå

<https://helse-stavanger.no/seksjon/KORFOR/Documents/Brukerplan/2015/Temahefte%20BrukerPlan%202015.pdf>

Husbanken. (2012). *Housing first - muligheter og hindringer for implementering i Norge*. Oslo: Rambøll. Henta 17.04.17 frå:

<https://husbanken.no/fou/housing-first--muligheter-og-hindringer-for-implementering-i-norge/>

Husbanken. (2013). *Housing First - kort introduksjon*. Drammen: Husbanken. Henta 17.04.17 frå:

https://www.husbanken.no/bibliotek/bib_boligsosialt/housing-first-en-introduksjon/

Kommunal- og regionaldepartementet. (2013). *Byggje-bu-leve : Ein bustadpolitikk for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar* (Vol. 17(2012-2013), St.meld. ... Oslo: Servicesenteret for departementa. Henta 11.04.17 frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-17-20122013/id716661/>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2014). *Bolig for velferd : Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014-2020)* (Strategi / Kommunal- og moderniseringsdepartementet). Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Henta 03.04.17 frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Bolig-for-velferd/id753950/>

Kommunane Bergen og Sandnes, Helse Bergen HF, Helse Stavanger HF, Husbanken, Helse Vest RHF og Sam Tsemberis. *Housing First – metodehandbok*. Utgitt av: Husbanken. Henta 11.04.17 frå:

<https://www.husbanken.no/boligsosialt-arbeid/housing-first/metodehandbok-housing-first/>

Levin, I. (2012). *Hva er sosialt arbeid* (4. utgave). Oslo: Universitetsforlaget.

Lov om sosiale tjenester i NAV. (2009). *Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen m. v. Av 18. Desember 2009 nr. 131*. Henta 04.04.17 frå:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131?q=Lov%20om%20sosiale%20tjenester>

NOU 2011:15. (2011). *Rom for alle : En sosial boligpolitikk for framtiden : Utredning fra utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon 21. mai 2010 : Avgitt til Kommunal- og regionaldepartementet 11. august 2011* (Vol. NOU 2011:15), Gram, B., & Norge Kommunal- og regionaldepartementet. Henta 16.05.17 frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/ddf3c180c0a74170b7a2f7ac515c1afc/no/pdf/s/nou201120110015000dddpdfs.pdf>

Ornelas, J., Martins, P., Zilhão, T., & Duarte, T. (2014). *Housing First: An ecological approach to promoting community integration*. *European Journal of Homelessness*, 8(1), 29-56. Henta 17.04.17 frå:

<http://housingfirstguide.eu/website/wp-content/uploads/2016/03/Housing-First-An-Ecological-Approach.pdf>

Prop. 15S (2015-2016). *Opptappingsplan for rusfeltet (2016-2020)*: Tilråding fra Helse- og omsorgsdepartementet 13. November 2015, godkjent i statsråd samme dag. Regjeringen Solberg. Henta 11.04.17 frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-15-s-20152016/id2460953/sec1>

Riksrevisjonen. (2008). *Riksrevisjonens undersøkelse av tilbudet til de vanskeligstilte på boligmarkedet* (Vol. Nr. 3:8 (2007-2008), Dokument ... (Norge. Stortinget : online)). Oslo: Riksrevisjonen. Henta 11.04.17 frå:

https://www.riksrevisjonen.no/SiteCollectionDocuments/Dokumentbasen/Dokument3/2007-2008/Dok_3_8_2007_2008.pdf

Rugkåsa, M., & Brodtkorb, E. (2007). *Under tak - mellom vegger : Perspektiver på boligens betydning i velferdsstaten*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Snertingdal, M.I. (2014). *Housing First i Norge – en kartlegging*. Fafo- rapport 2014:52.

Henta 17.04.17 frå:

<http://www.faf.no/index.php/nb/zoo-publikasjoner/faf-rapporter/item/housing-first-i-norge-en-kartlegging>

Snertingdal, M.I., & Bakkeli, V. (2015). *Housing first i Norge – sluttrapport: Prosesser, resultater og kartleggingsskjema*. Fafo-rapport 2015:52. Henta 17.04.17 frå:

<http://www.faf.no/index.php/nb/zoo-publikasjoner/faf-rapporter/item/housing-first-i-norge-sluttrapport>

Stoltenberg, Thorvald, & Helse- og omsorgsdepartementet. (2010). *Rapport om narkotika*. Stoltenbergutvalet. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet. Henta 03.04.17 frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Stoltenberg-utvalget-Rapport-om-narkotika/id608661/>

Sintef (2013): *Unødvendige innleggelser, utskrivingsklare pasienter og samarbeid rundt enkeltpasienter – omfang og kjennetegn ved pasientene*. Sintef rapport. Henta 20.04.17 frå:

<http://www.sintef.no/prosjekter/undersokelse-om-samarbeid-mellom-spesialisthelsetj/>

Støren, I. (2013). *BARE SØK! - praktisk veiledning i å skrive litteraturstudier*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Vassenden, A., Lie, T., & Skoland, K. (2012). *Man må ha en plass å bo : En sosiologisk studie av vanskeligstilte i et boligeierland* (Vol. 2012/029, Rapport IRIS (online)). Stavanger: International Research Institute of Stavanger. Henta 20.04.17 frå:

https://husbanken.no/bibliotek/bib_boligsosialt/man-ma-ha-en-plass-a-bo/